



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Besøkt: 08/1973	Doknr.: 105
Mottatt: 24 DES 2009 ASR/MA	
Saksbent:	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200802123-12/700.T00/MROD

Dykkar ref.:
200801973-/

Bergen, 22. desember 2009

Landbruks- og matdepartementet - Forslag til verneheimel i jordlova - Høyring

Vi viser til Dykkar brev datert 14.09.2009 der forslag til verneheimel i jordlova vart sendt på høyring.

Planforslaget vart handsama i kultur- og ressursutvalet 01.12.2009 og i fylkesutvalet 16.12.2009. I fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til at jordvern er eit prioritert mål i fylkesplan for Hordaland.
2. Jordvernet bør primært sikrast gjennom planlegging etter planlova. Nye verkemiddel i planlova som omsynssoner og lengre bindingstid for areal bør utprøvast for ein ny verneheimel i jordlova vert innført.
3. Verneheimel i jordlova må knytast opp til arbeid med regionale planar for kvart fylke og fylgja demokratiske og opne prosessar slik desse er fastlagt i planlova.


Marit Rødseth

Kopi av saksframstilling og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200802123
Arkivnr. 700.T00
Sakshandsamar Rødseth, Marit

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	01.12.09	139/09
Fylkesutvalet	16.12.09	305/09

LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET - FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVA - HØYRING

Kultur- og ressursutvalet 01.12.09

Det var 12 representantar til stades.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

- 1 Fylkesutvalet viser til at jordvern er eit prioritert mål i fylkesplan for Hordaland.
- 2 Jordvernet bør primært sikrast gjennom planlegging etter planlova. Nye verkemiddel i planlova som omsynssoner og lengre bindingstid for areal bør utprøvast for ein ny verneheimel i jordlova vert innført.
- 3 Verneheimel i jordlova må knytast opp til arbeid med regionale planar for kvart fylke og fylgja demokratiske og opne prosessar slik desse er fastlagt i planlova.

Fylkesutvalet 16.12.09

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet viser til at jordvern er eit prioritert mål i fylkesplan for Hordaland.
2. Jordvernet bør primært sikrast gjennom planlegging etter planlova. Nye verkemiddel i planlova som omsynssoner og lengre bindingstid for areal bør utprøvast for ein ny verneheimel i jordlova vert innført.
3. Verneheimel i jordlova må knytast opp til arbeid med regionale planar for kvart fylke og fylgja demokratiske og opne prosessar slik desse er fastlagt i planlova.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 17. desember 2009

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mildrid Bertelsen



Arkivsak 200802123-9
Arkivnr. 700.T00
Saksh. Rødseth, Marit

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	01.12.2009
Fylkesutvalet	16.12.2009

LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET - FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVA - HØYRING

SAMANDRAG

Landbruks- og matdepartementet har sendt forslag om jordvernheimel i jordlova på høyring. Bakgrunnen er stor nedbyggingstakt for dyrkamark og urovekkjande utviklinga globalt når det gjeld matvareforsyning.


Fylkesplanen har eit overordna mål om vern av jordressursane. Vern kan etablerast i hovudsak i to alternativ; gjennom plan- og bygningslova og jordlova. Forslaget om verneheimel i jordlova svekkjer heilskapleg planlegging som verkemiddel, minskar handlingsrommet lokalt og regionalt og står ikkje opp om regionreforma.

Fylkesrådmannen meiner nye verkemiddel i planlova bør utprøvast før ny verneheimel vert innført i jordlova. Dersom verneheimel vert innført, bør ein nytte regionale planar som grunnlag for utvelgning av område og fylgja demokratiske prosesskrav slik desse er fastsett i planlova.

FORSLAG TIL INNSTILLING

- 1 Fylkesutvalet viser til at jordvern er eit prioritert mål i fylkesplan for Hordaland.
- 2 Jordvernet bør primært sikrast gjennom planlegging etter planlova. Nye verkemiddel i planlova som omsynssoner og lengre bindingstid for areal bør utprøvast for ein ny verneheimel i jordlova vert innført.
- 3 Verneheimel i jordlova må knytast opp til arbeid med regionale planar for kvart fylke og fylgja demokratiske og opne prosessar slik desse er fastlagt i planlova.


Paul M. Nilsen


Jan Per Styve

FYLKESRÅDMANNEN, 10.11.2009:

1. Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet har i brev av 21. september 2009 sendt forslag til verneheimel i jordlova på høyring med frist 10. januar 2010.

Forslaget byggjer på rapporten Vernehjemmel i jordlova (rapport nr 7/2009) frå Statens landbruksforvaltning. Landbruks- og matministeren gav landbruksforvaltninga i oppdrag å utforma eit forslag til verneheimel. Undervegs har det vore god kontakt med Fylkesmannens landbruksavdeling i alle fylke. Landbruksdirektørane støttar i hovudsak forslaget.

Grunngjeving

Noreg har lite dyrka jord samanlikna med andre land; i snitt 2,2 da mot på verdsbasis 2,7 da. Berre 1/3 er eigna for matkornproduksjon. Jordbruksarealet går nedover og det er ikkje dyrkingsreservar i dei beste klimasonene. Utbyggingsspresset er størst der dei beste areala er.

Situasjonen for matvareprisane er ustabil og sårbar. Dette skuldast befolkningsvekst, auka kjøpekraft, små globale matlager, klimaendringar og konkurranse om areala mellom anna til bioenergiføremål.

FNs generalsekretær meiner matproduksjonen globalt må aukast med 50% innan 2030 dersom etterspørselen skal kunne tilfredsstillast. Alle land bør difor prioritera ei tenleg eigenforsyning og sikring av produksjonsareal, heiter det i rapporten.

2. Alternativ verneheimel

Landbruksforvaltninga har vurdert aktuelt lovverk for å styrka jordvernet.

Jordlova i dag

Føremålsparagrafen kan gje rom for ein jordvernparagraf. Lova har i dag ingen heimel til varig vern, men har forbod mot omdisponering. Kommunane kan gje samtykke til omdisponering og det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld handheving av jordvernet. Dykra jord omdisponerast i større grad enn nasjonal politikk tilseier.

Naturvernlova

Loven har i dag ingen heimel for vern av dyrka – og dyrkbar mark, og føremålet med lova omfattar ikkje jordvern.

Plan- og bygningslova

Mesteparten av areala som vert omdisponert har vore i gjennom planvedtak. I tillegg skjer ei bit- for – bit nedbygging gjennom dispensasjonar. Statlege organ kan påverka lokale vedtak gjennom planprosessen, bruk av motsegn og klage. Ny planlov har nye verkemiddel for jordvern. Kongen kan bestemma at det på nærare angitt område og i eit gitt tidsrom ikkje skal kunne gjerast endringar utan samtykke frå departementet. Dette kan gjelda jordvernomsyn.

På regionalt nivå kan ein utarbeida planbestemmelsar for mellom anna å sikre jordvernomsyn for ein periode på 10 år. I kommuneplan kan ein no markera omsynssoner med eigne føresegner som kan ivareta jordvern.

Rapporten peikar på at planprosessane har vist seg lite eigna til varig vern av jordressursane som ofte taper i lokalpolitiske organ.

Rapporten konkluderer med at dagens lovverk ikkje er eigna til varig vern av jordressursar.

3. Omtale av forslag til verneheimel

Statens landbruksforvaltning meiner det er eit nasjonalt ansvar å sikre jordressursane. Ein heimel for vern av dyrka jord i jordloven vert tilrådd. Vernemyndigheit bør vera kongen(regjering). Forvaltning av verneområda når det gjeld søknader om omdisponering og frådelling bør vera statleg organ.

Verdifull dyrka mark som er utsett for press er mest aktuelt for vern Matkornjord bør ha særleg merksemd. Storleik og samanhang skal tilleggjast vekt.

Prosessen fram mot vedtak vil i praksis vera eit ansvar for fylkesmennene. Rapporten tilrår at fylkeskommunane alltid vert involvert i vernearbeidet. Verneplanarbeidet vil ta utgangspunkt i fylkesstrukturen, men er ikkje like aktuelt alle stader i landet. Regionale planprosessar kan vera viktig for å identifisera vernebehov. Vern av einskildområde kan også vera aktuelt. Det er tilrådd at det vert utvikla ei konsekvensanalyse for verneplanane. Fylkesmannen får ansvar for desse.

Statens landbruksforvaltning meiner jordvernvedtak slik dei foreslår ikkje utløyser erstatning etter gjeldande lov.


4. Fylkesrådmannens vurdering av forslag

Felles utfordringar

I Fylkesplan for Hordaland er vern av jordressursane eit prioritert mål. I fylkesplanen heiter det:

Hordaland skal ha eit livskraftig landbruk i levande bygder. Attgroing av verdifulle kulturlandskap og oppsplitting av viktige jordbruksområde skal avgrensast. Det er eit mål å redusera årleg avgang av dyrka og dyrkbar mark og ein skal hindra oppsplitting og nedbygging av verdifulle landbruksareal og naturareal.

Figur 4.3. Jordbruksareal i drift, etter fylke. 2007*



Kilde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Hordaland fylke har begrensa med jordressursar. Store delar av fylket er i vekst og det er særleg rundt byar og tettstader at veksten skjer, ofte i det same området som den beste dyrkamarka. Nedbygging gjennom planvedtak og dispensasjon er difor også ei utfordring i Hordaland. Bruksstrukturen med mange små bruk gjer også at nedbygginga kan få større omfang her i forhold til arealressursane. Det kan difor konstaterast at utfordringane slik dei er omtalt i rapporten også er gjeldande i Hordaland.

Alternativ

Spørsmålet er difor på kva måte ein skal sikre varig vern av jordressursane. Det er i hovudsak to alternativ

1. Eigen verneheimel i jordlova for dei viktigaste areala. Kongen fattar vedtak og statleg organ forvaltar verneområda. For storparten av areala vil det truleg likevel vera planlova og jordlova som ivaretek jordvernet som under punkt to.
2. Ny planlov i kombinasjon med jordlova som i dag. Kommunane og fylkeskommunen er primærinstans i dette tilfellet. Statlege organ kan ha motsegn og klaga på vedtak.

Sektor eller plan

I hovudsak handlar dette om i kor stor grad kommunane kan stå fritt i å disponera areala i samspel med regionale styresmakter og i kor stor grad ein sektor skal binda opp arealbruken gjennom sentrale vedtak. Di fastare sektorlovverk di mindre rom for avveging i planprosessar, men også meir langsiktige og føreseielege vedtak. Jordvernet har ikkje oppnådd sine målsetjingar med dagens arbeidsdeling.

Nasjonalt eller lokalt

Forslaget om verneheimel kan på mange måtar sjåast på som å flytta styring frå lokalt og regionalt nivå til nasjonalt statleg nivå. Dette vil alltid vera i strid med ynskjet om lokalt handlingsrom.

Ny planlov prøvd

Nye verkemiddel i planlova er ikkje prøvd. Det kan gis strengar vern i kommuneplanar med heimel i planlov no enn før. Regionale planar kan omfatta jordvern som kan ha juridisk bindande retningsliner for arealbruk. Regionale planar kan gje føringar for kommunal planlegging på jordvernområdet og regionreforma føreset ei styrka regional planlegging.

Verneheimlar

Både naturvern og kulturminne har eigne verneheimlar på statleg hand. Slik sett vert jordvern ein parallell til vern etter naturvernlova og fredning etter kulturminnelova. Det er uklårt kor stort omfang jordvernet skal ha, men for dei andre verneheimlane er det kun ein liten del som er tenkt verna etter særlov. Det kan vera rimeleg at også andre verneomsyn som jordvern har eigne heimlar. Men mesteparten av areala vil bli forvalta gjennom plan- og bygningslova og har eit sterkt vern i jordlova i dag. All dyrka jord er verna og må frigjes, dette kan sjåast på som ein parallell til automatisk freda kulturminne som også må frigjes. Det er praktiseringa som har vist seg å vera utilfredsstillande sett frå statleg nivå.

Regionreforma

Regionreforma ville tilleggia fylkeskommunen eit større ansvar innan landbruk, landbrukspolitikk og jordvern og klima. I Ot.prp. nr. 10 heiter det : *fylkeskommunen kan gjennom sin rolle som regional planmyndighet følge opp den nasjonale landbrukspolitiske målsetjingar på arealområdet, herunder jordvern.*

Verneheimelen stør i liten grad opp om intensjonane i regionreforma.

Tilråding

Fylkesrådmannen vil primært tilrå bruk av plan- og bygningsloven sine verkemiddel for jordvern gjennom regional plan med bestemmelsar, kommuneplanar med område med fastlåsing av jordvern over lengre tid og omsynssoner med føreseigner. Ny planlov bør få tid til å verke før ein går inn i nytt regelverk.

Dersom det vert aktuelt med ein verneheimel i jordlova vil fylgjande vilkår vera rimelege.

- Regional plan for jordvern med bestemmelsar for arealbruk for kvart fylke må utarbeidast som grunnlag for utvelging av område.
- Verneplanprosessane må fylgja reglane i plan- og bygningslova om planprosess planprogram, medverknad og konsekvensutgreiing heilt fram til vedtak i fylkestinget.

- Heimel til vern av einskildområde eller midlertidig vern bør ikkje innførast. Dette må handterast gjennom ordinære prosessar etter planlov og jordlov.

5. Oppsummering

Landbruks- og matdepartementet har sendt forslag om jordvernheimel i jordlova på høyring. Bakgrunnen er stor nedbyggingstakt for dyrkamark og utviklinga globalt når det gjeld matvareforsyning. Fylkesrådmannen meiner nye vekemiddel i planlova bør utprøvast før ny verneheimel vert innført. Dersom verneheimel vert innført, bør ein nytte regionale planar som grunnlag for utvelging av område og fylgja prosesskrav slik desse er fastsett i planlova.